

Kort fortalt

Saka sagt med éi setning:

Planane legg til rette for å utvide vegbredden 1m og utbetre enkelte kryss, for å auke trafikktryggleiken og heve standarden på veg og sideanlegg.

Bakgrunn for saka:

Rogaland Fylkeskommune har lagt forslag til 5 reguleringsplanar, for fylkesvei 44 Skjævelandsbrua – Brusand camping, fram til vedtak i kommunane på strekninga. To av desse reguleringsplanane er i Hå kommune:

Plan 2021007 fylkesvei 44 – strekning Klepp grense til Vigre.
Plan 2021010 fylkesvei 44 – strekning kryss Brusand Camping.

Tiltak i planen er i hovudsak:

Opphøgd midtoppmerking (rumlefelt) mellom køyreretningane, og utviding av køyrefelta, slik at vegbredden totalt auker med i snitt omlag 1 meter.

Njærheim bru over Håelva skal erstattast med ny bru med same bredde som vegen, og høgare vektklasse. Gang- og sykkelvegbrua blir uendra.

Utbetring av kryss med venstresvingfelt, sikring av frisikt og fleire andre mindre tiltak.



Saksnummer	Utvalg	Møtedato
015/26	Utval for samfunn	12.03.2026
012/26	Kommunestyret	16.04.2026

Saksbehandlar: Rolf Aleksander Svensen Mellgren

Sak - journalpost: 21/471 - 28

2. gangsbehandling av detaljregulering for fylkesvei 44 Skjævelandsbrua – Brusand camping, PlanID 2021007 og 2021010

Kommunedirektøren si innstilling

1. Detaljregulering for fylkesvei 44 Skjævelandsbrua – Brusand camping, PlanID 202107 og 202110, vedtas.
2. De deler av tidligere vedtatte reguleringsplaner som blir berørt av detaljregulering PlanID 202107 og 202110, inkludert alle senere planendringer, delplaner og tilhørende bestemmelser, oppheves.

Vedtak som innstilling frå Utval for samfunn, 12.03.2026 - 015/26

Kommunedirektøren si innstilling

1. Detaljregulering for fylkesvei 44 Skjævelandsbrua – Brusand camping, PlanID 2021007 og 2021010, vedtas.
2. De deler av tidligere vedtatte reguleringsplaner som blir berørt av detaljregulering PlanID 2021007 og 2021010, inkludert alle senere planendringer, delplaner og tilhørende bestemmelser, oppheves.

12.03.2026 Utval for samfunn



Det er oppgitt feil tal på planID i kommunedirektøren si innstilling.

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken med korrigering av planID, slik at denne samsvarer med tittelen på saka.

USAM- 015/26 Vedtak:

Kommunedirektøren si innstilling

1. Detaljregulering for fylkesvei 44 Skjævelandsbrua – Brusand camping, PlanID 2021007 og 2021010, vedtas.

2. De deler av tidligere vedtatte reguleringsplaner som blir berørt av detaljregulering PlanID 2021007 og 2021010, inkludert alle senere planendringer, delplaner og tilhørende bestemmelser, oppheves.

16.04.2026 Kommunestyret

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteke.

KS- 012/26 Vedtak:

1. Detaljregulering for fylkesvei 44 Skjævelandsbrua – Brusand camping, PlanID 2021007 og 2021010, vedtas.

2. De deler av tidligere vedtatte reguleringsplaner som blir berørt av detaljregulering PlanID 2021007 og 2021010, inkludert alle senere planendringer, delplaner og tilhørende bestemmelser, oppheves.

Saksframlegg

Saksframlegg:

Fylkesveg 44 er som kjend hovudstamveg for Jæren. Årsdøgntrafikken som er lagt til grunn ligger rundt ÅDT 10 000 kjøretøy pr døgn nord for kryss inn til Nærbø (Bernervegen). Sør for krysset er ÅDT 8000 fram til kryss Vigre, trafikktaala som er lagt til grunn er henta frå Norsk Vegdatabase (NVDB) 2019.

Målet med prosjektet er å redusere ulykker, auke trafikktryggleiken og heve standarden på veg og sideanlegg.

Planprosess

Blei gjennomført etter PBL § 3-7, som betyr at Rogaland fylkeskommune sendte planen direkte på høring og offentlig ettersyn utan politisk behandling. Deretter har fylkeskommunen justert planen etter høyringsinnspela, før den sendes til politisk behandling og sluttvedtak i kommunestyra i Klepp, Time og Hå.

Planen blei lagt ut på høring august 2024. Brev datert 27.08.2024 blei sendt ut til berørte naboar og offentlige instanser, med frist for merknader 27.10.2024. Det kom inn 20 merknader, 11 frå offentlege og 9 frå private.

Oppstartsmøte med kommunane var 18. februar 2021, og det blei varsla oppstart 8. april 2021. Det har blitt vurdert at planen ikkje skal konsekvensutgreiast, i henhold til PBL § 4-2.


Plandokument

Det er to sett med plankart og bestemmelser, 202107 for strekning Klepp grense - Vigre, og 202110 for kryss Brusand camping. For vedlegga er Fylkeskommunen si nummerering vidareført for å beholde evt. interne referansar. I den samanheng er det verdt å nevne at merknader og kommentarar til desse kjem til sist (vedlegg 12/12b)

Tiltak som inngår i planen

Breiare veg


Opphøgd midtoppmerking (rumlefelt) mellom køyreretningane, og utviding av køyrefelta. Utvidinga varierer sidan vegen i dag har varierende bredde, men er i snitt omlag 1 meter. Utvidinga tas i hovudsak på motsett side av gang- og sykkelvegen, austsida av Fv. 44. Enkelte strekningar/kurver får og noko ekstra utviding av omsyn til modulvogntog.



Figur: Prinsipp-tegning opphøgt midtoppmerking, bredde på køyrefelt er sett til 3,25 meter.

Njærheim bru

Over Håelva skal erstattast med ny bru med same bredde som vegen, og høgare vektklasse. Gang- og sykkelvegbrua blir uendra.



1-1 - Lengdesnitt

Figur: lengdesnitt ny bru

Venstresvingfelt eller passeringslomme i kryss


I Hå gjeld dette kryss Fv. 4370 Vigre (Hå gamle prestegard), Fv. 4398 Pollestadvegen og Brusand camping. Dette var avklart før planarbeidet starta.


På strekninga Klepp grense til Vigre i Hå er det 10 kryss frå nord til sør:

4. Fv.4400, Rimestad, ÅDT 400, T-kryss med passeringslomme
5. Fv.4398, Pollestadvegen, ÅDT 700, T-kryss foreslås utbedret
6. Fv.4394, Høyland, ÅDT 300, T-kryss u-kanalisert
7. Kv. Atkomstveg Høyland skule, T-kryss med passeringslomme (oppgitt som u-kanalisert i plandokument, men regulert i plankart)
8. Fv.4392, Søylandsvegen, ÅDT 350, T-kryss u-kanalisert
9. Fv.507 Nordsjøvegen, ÅDT 1900, T-kryss med passeringslomme
10. Fv. 4390 Njærheimvegen, ÅDT 500, T-kryss u-kanalisert
11. Fv.4360 Bernervegen, ÅDT 3500, T-kryss med passeringslomme
12. Fv.4372 Skjerpevegen, ÅDT 3000, T-kryss med oppmerket venstresvingfelt
13. Fv.4370 Vigre, ÅDT 600, T-kryss foreslås utbedret

(5) Fv.4398, Pollestadvegen

Her er det foreslått passeringslomme og utviding mot aust. Busslommen på autsida blir flytta til vestsida (nord for krysset) og tilknytt gang- og sykkelveg, og avkøyrsel til gardsbruk leggjast om. Krysset ligg i eit høgbrekk, krappare enn vegnormal opnar for med 70 km/t pga. dårlegare sikt. Det anbefalast derfor å setje ned fartsgrensa til 60 km/t (i eige vedtak).





Figur: Utsnitt C-teikning for Vigrekrysset (venstre) og Pollestadkrysset (høgre)

(13) Fv.4370 Vigre

Her har planforslaget oppmerka venstresvingefelt, slik som kryss med Skjerpevegen like nord. Dagens siktsoner frå Vigre blir vidareført, siktsoner etter vegnormal vil krevje kompliserte arealinngrep i tilliggjande eigedomar og høgbrekket i vegen sør for krysset. Skilting med stoppskilt blir difor vidareført. Eksisterande gang- og sykkelveggar og undergang under hovudvegen blir vidareført.


For krysset ved Brusand camping, som betener campingplassen, fotballbane, landbruk og enkelte bustader, er det teknisk sett allereie regulert passeringslomme. Denne reguleringa, i planID 963, er frå 1996 og utforminga er utdatert ift. vegnormene. Krysset er i plan 963 belagt med rekkjefølgjekrav:

«8. Rekkjefølgebestemmelser

Før område L4 kan tas i bruk, må kryss mellom kommunal veg og riksveg 44 være opparbeidet med frisikt, dråpekanalisering, passeringslomme langs rv 44 og avbøyning av eksisterende gang/sykkelveg gjennom dråpeøya, jf. brev datert 11.02.08 fra Statens vegvesen. Byggeplanene for kryssutforminga må godkjennes av Statens vegvesen.»

Det er utarbeida eit eige sett med plankart og føresegner, med eigen planID 2021010. Her er passeringslomme etter gjeldande normer lagt inn. Gang- og sykkelvegen trekkes litt vekk frå vegen, men utan inngrep i fotballbane/marka. Det er ikkje lagt inn dråpekanalisering, begrunna med lite trafikk og omsyn til manøvrering med campingvogn.

Det er lagt inn nye rekkjefølgjekrav, som er knytta til gjennomføringa av krysset. Rekkjefølgjekravet i plan 963 om opparbeiding før L4 tas i bruk, vil framleis gjelde, sidan tiltaket i prinsippet er det same.



Figur: utsnitt E-tegning kryss Brusand camping

Avkjørsler

9 avkjørsler på strekninga Klepp grense til Vigre blir regulert stengt. Fleire avkjørsler blir endra på for å tilpassast hovudvegen, men elles opprettheldt.


35200	Vest	15/21	Avkjørsel stenges. Adkomst til jordet kan skje via interne vegar som knytter seg på i krysset Vigre.	Hå
35300	Vest	16/5	Adkomst til jordet kan skje via interne vegar.	
35400	Vest	16/5	Avkjørsel stenges. Eiendommer har adkomstveg lenger nord (35500) som har bedre geometri.	
35600	Vest	16/1	Avkjørsel stenges. Adkomst til jordet kan skje via 35700. Kan opprettholdes.	
35800	Vest	16/10	Avkjørsel stenges. Adkomst til jordet kan skje via 35700 for 16/1 og 35900 for 16/10.	
35900	Vest	16/10	Avkjørsel legges om slik at den ligger rett ovenfor ny avkjørsel (30500).	
36700	Vest	5/14	Avkjørsel stenges. Adkomst til jordet kan gå via 36800	
37000	Vest	5/17.25	Avkjørsel stenges. Adkomst til jordet kan gå via 37200	
37100	Vest	5/17.25	Tre avkjørsler, to boligavkjørsler og en landbruksavkjørsel stenges. Denne stenges. Adkomst kan gå via 37200.	

Figur: Oversikt over berørte avkjørsler med gnr/bnr.

Andre tiltak

Eksisterande gang/sykkel/feundergangar forlengast.

Utbering av fleire busslommer etter gjeldande krav til kantstein, dimensjonering og universell utforming. Busslomme ved kryss Pollestadvegen, og ein nedlagt busslomme ved kryss Søylandsvegen er regulert bort, begge er på austsida av fv 44.



Figur: undergangane som forlenges, karutsnitt ved Nærbø (venstre) og Bekkeheien (høyre).

Grunnerverv

Det vil vere behov for både permanent grunnerverv, og midlertidig til anleggsområde. Av dyrka mark utgjer dette 15 dekar til midlertidig anleggsområde, og 10 dekar permanent erverv i Hå kommune.

Merknader til oppstart

Desse er oppsummert og kommentert av Rogaland Fylkeskommune i planbeskrivelsen, kapittel 8.

Vurdering:

Breiare veg

Forsterka midtoppmerking/rumlefelt har det siste tiåret blitt stadig meir brukt på hovudveggar i Norge. Samanlikna med midtdelar er det ikkje eit fysisk hinder mellom køyreretningane, men oppsummert viser forskinga til no stor prosentmessig (inntil



60%) gevinst for særleg ulukker med alvorleg personskade og død.

[Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2022–2025](#) angir forsterka midtoppmerking på alle riksveggar, og på utvalde fylkesveggar som tiltak. Statens Havarikommisjon ga i [rapport om møteulukke i Stange kommune 2024/04](#) direkte tilråding om å oppdatere vegnormalen «(...) slik at forsterket midtoppmerking blir et skal-krav, både ved etablering av ny vei og ved reasfaltering, der veinbredde og fartsgrense ligger til rette for det.»

Rumlefelt har og fordelar i høve til forenkla (vinter)drift og vedlikehald og framkomst for utrykning, tilkomst til avkøyrslar og ivaretek moglegheiter for å passere saktegåande trafikk.

Kommunedirektøren stiller seg positiv til den valte løysninga i Hå kommune.

Njærheim bru og Håelva

Ved oppstart utfordra kommunedirektøren fylkeskommunen på å *vurdere* aukt tverrsnitt på elveløpet ved ny bru. Ved store vassmengder blir det betydeleg oppstuving i Håelva mellom Fv 44 og Torlandsvegen.

Fylkeskommunen har vald å oppretthalde eksisterande tverrsnitt, og såleis ikkje vurdert løysning eller konsekvenser nærare. Kommunedirektøren motsetjer seg ikkje dette, då det er usikkert om forbetra gjennomstrøyming er praktisk mogleg på grunn av terrenget oppstraums, og om det er tilrådeleg å auke belastninga nedstraums.

Ved inngrep i kantsone må det gis tillatelse fra Statsforvalter, og i tillatelsen vil det bli stilt ytterlegare krav. Kommunedirektøren tek atterhald om Statsforvaltaren har merknader om løysningar og føresegner.

I 2018-2021 blei det gjennomført fleire tiltak nedstraums for brua, med formål å gi betre gjennomstrøyming og betre vilkår for kantvegetasjon, fiskeyngel og elvemuslingar, i regi av Hå kommune. Rapport om dette ligg ute på heimesida til kommunen: [Håelva - Hå kommune \(www.ha.no\)](http://www.ha.no)

Kryssløysingar

Kommunedirektøren er positiv til dei løysningane som er vald i kryssa som blir oppgradert. Det gjenstår framleis fleire ukanaliserte kryss, men desse har låg trafikk, inntil 500 ÅDT. Evt. tiltak for desse kryssa kunne gjerne vorte regulert i dette planarbeidet, men realisering ligg såpass langt fram i tid at det bør vurderast ved eit seinare høve.

Kommunedirektøren har ikkje innvendingar til at busslomme på austsida ved kryss Pollestadvegen og Søylandsvegen reguleres bort. Den første blir erstatta av ny busslomme på vestsida direkte tilknytta gang- og sykkelvegen, og den andre har etter det kommunedirektøren kjenner til ikkje vore i bruk som busslomme sidan iallfall



2010.

For kryss til Njærheim er det i tidleg fase vurdert ikkje praktisk løysbart å få til ei god utforming med venstresvingfelt/passeringslomme, utan ei svært omfattande omlegging av gang/sykkelveg, veg og bruer, pga. kurvatur og nærliggande bru, elv og LNF-/næringsområde. Det er utfordringar i området som blir nærare kommentert under merknader.



Figur: utsnitt plankart ved Njærheim kryss & bru

Avkøyrslar og anna

Kommunedirektøren har ikkje innvendingar til stenging av avkøyrslar, men avventer evt. tilbakemeldingar frå grunneigarane (som og har fått høyringsbrev) som kjenner behov og bruk.

Jordvern

Til saman 10 dekar utgjer eit vesentleg inngrep, men kan forsvarast med forbetring i trafikktryggleiken, og relativt lite samanlikna med ei utviding med fleire køyrefelt. Det meste av arealbeslaget kjem av bredeutvidinga.

Støy

Fleire innbyggjarar har gitt merknader om støyplager. Fylkeskommunen avviser i denne samanheng generelt krav om ny støyskjerming, med henvisning til regelverket. Bak dette er begrunnelsen at trafikksikkerhetstiltak på eksisterande vegar ikkje utløyser krav om nye støytiltak, då dei ikkje medfører aukt trafikkmengde/kapasitet og støy.

Dette er ein gjentakande problemstilling ved utbetring av vegar – når ein veg etter fleire tiår blir oppgradert med tiltak som aukt vegbredde, gang- og sykkelveg, kryssutbedring og anna, har trafikk med tilhøyrande støy auka betrakteleg i



mellomtida. Kommunedirektøren har ikkje eit stort tallgrunnlag for historisk trafikk, men kan nemne at ved regulering av Vigre skule/barnehage i 2013 (planID 1130), vart det lagt til grunn ein ÅDT på fv 44 på 5000, samanlikna med dei 8000 ÅDT som er lagt til grunn i planen som er på høyring.

Fylkeskommunen anerkjenner at rumlefelt gir meir støy, men viser til at utforminga skal være relativt støysvak og at trafikken normalt ikkje skal køyre over midtmerkinga (utanom ved forbikøyringar). Vogntog som køyrer over rumlefeltet med bakre hjul i svingane er ein faktor. Evt. auke i støy er ikkje berekna eller talfesta i planmaterialet.

Tegningsmateriell

Kommunedirektøren har sett gjennom, men ikkje kontrollert alle tekniske detaljer i teikningane, og legg til grunn at desse er utarbeida etter vegnormane.

MERKNADER

Planen blei lagt ut på høyring august 2024. Brev datert 27.08.2024 blei sendt ut til berørte naboar og offentlige instanser, med frist for merknader 27.10.2024. Det kom inn 20 merknader, 11 frå offentlege og 9 frå private.

Kommunedirektøren har ikkje særskilde kommentarar til merknader frå offentlege instanser, og tar desse til orientering. Statsforvaltaren i Rogaland hadde ein motsegn mot mellomlagring av masser i nærhet av Håelva, som blei løyst med endring av bestemmelse for midlertidig anleggsområde #7 (i §5.1) slik at dette ikkje blir tillatt.

Kommunen hadde eigne merknader til høyringa.

Ved kryss Njærheim er areal heilt inntil bygning på eigedom 8/48 regulert til annan veggrunn. Her er det blant anna etablert eit landbruksutsal med inngang frå det aktuelle arealet. Kommunedirektøren forutset at det føres dialog med næringsdrivande, og at utbygginga ikkje er til hinder for vidare drift.

Når det gjeld kommunen sine merknader til området ved kryss Rimestad, blir dette området regulert i plan 202501 for Bekkeheien legevakt.

Merknader frå innbyggjarar (i Hå) er kommentert i vedlegg 12b.

Framdrift

Det blei avsett midlar til planlegging av prosjektet i Handlingsprogram for fylkesveier i Rogaland i perioden 2018-2021. Det er ikkje avsett midlar til bygging, men det er likevel avgjort å fullføre reguleringsplanene slik at tiltakene kan realiserast dersom finansiering kommer på plass.

Planforslag(a) opnar for realisering i fleire byggetrinn (§6.1), til dømes enkelte kryss. Etter planvedtak er areala avsett, og gjennomføring kan tilpassast innanfor rammene.



Oppdeling i fleire trinn kan vere fordyrande og krev fleire entrepriser, men slik kan ein til dømes kan få sikra dei mest utsette kryssa først.

Det er det opp til Samferdselsutvalget/Fylkestinget korleis prosjektet evt. deles opp og prioriterast. Evt. innspel må då hovudsakleg rettast inn mot rullering av Handlingsprogram for Fylkesveger, og politisk prioritering.

Kommunedirektøren vil og minne om at det i reguleringsplan for Vigre skule/ barnehage (planID 1130) sør for planområdet, er regulert passeringslomme som er naturleg å vurdere å etablere i samband med dei øvrige arbeida, forutsett at det er foreinleg med då gjeldande vegnorm.

Oppsummering

Kommunedirektøren vurderer at planforslaget utgjer eit godt grunnlag for oppgradering av fv 44.

Vedlegg:

- 2021007 Hå Plankart Klepp grense til Vigre
- 2021007 Hå Planbestemmelser Klepp grense til Vigre
- 202110 Hå Plankart kryss Brusand Camping
- 202110 Hå Planbestemmelser kryss Brusand Camping
- 202107 og 202110 (felles) Planbeskrivelse
- Vedlegg 1 Tegningshefte
- Vedlegg 2 Vegtekniske vurderinger
- Vedlegg 3 VA-notat
- Vedlegg 4 ROS-analyse
- Vedlegg 5 Geoteknisk rapport
- Vedlegg 6 Anleggsgjennomføring
- Vedlegg 7 Massehåndtering
- Vedlegg 8 Arealbeslag
- Vedlegg 9 Merknader til varsel om oppstart
- Vedlegg 10 Avkjørsler og feunderganger_
- Vedlegg 11 Støyrapport
- Vedlegg 12 Merknadsbehandling høring
- Vedlegg 12b Merknadsbehandling høring Hå-tillegg